

Fjord kommune
Pb. 144
6211 Valldal

02.12.2021

post@fjord.kommune.no

Merknader til offentleg ettersyn av energi- og klimaplan, Fjord kommune

Fjord formannskap vedtok 21.10.2021, i sak 116/21, å leggja ut Energi- og klimaplan for Fjord kommune til offentleg høyring.

Formannskapet har tidlegare gjort vedtak om at dette skal vera ein kommunedelplan. Planprogrammet har vore på høyring, utan merknader.

Bakgrunn for utarbeidninga er m.a. internasjonale avtalar og Klimaplan 2021-2030, (Meld. St. 13 (2020–2021.) som presenterer politikken til regjeringa for å redusere klimagassutslepp i tråd med Noregs klimamål og i samarbeid med EU. Eit sentralt element i planen er politikk for å kutte dei ikkje-kvotepliktige utsleppa (utslepp frå transport, jordbruk med meir) med 45 prosent innan 2030. I utgangspunktet handlar dette om at for å stabilisera/redusera den globale oppvarminga må det fjernast like mykje CO₂ og andre klimagassar frå atmosfæren som vi slepp ut, eller utsleppa må reduserast.

Kommunen har også hatt kommunedelplan for klima- og energi tidlegare, men den er ikkje følgd opp. Plan skal omfatta både kommunale tiltak/verksemder og kommunen som samfunn.

Det skal utarbeidast årleg klimabudsjett, som skal vera eit styringsverktøy for å oppnå målfesta kutt i klimagassutsleppa, inkludert tiltak og kven som er ansvarleg for gjennomføring.

Arbeidet har vore koordinert gjennom Energi og klimanettverk Sunnmøre, i regi av Sunnmøre Regionråd.

I utgreiinga blir det vist til at jordbruk er den sektoren i kommunen som har størst klimagassutslepp, tett følgd av sjøfart og vegtrafikk. Jordbruket sine utslepp er minkande. På tilsvarande måte blir det ikkje vist til kva sektorar (bortsett frå skogbruk) som representerer positivt opptak/lagring av CO₂ / klimagassar.

Vi har i hovudsak sett på dei delane av plan som er relatert til landbruk og areal, og har følgjande kommentarar:

1) Vi viser til våre kommentarar til høyring av samfunnsdelen av kommuneplan for Fjord kommune. Fleire av kommentarane til kommuneplanen kan også relaterast til energi- og klimaplanen.

2) Vi oppfattar framlegg til energi- og klimaplan som eit godt utgangspunkt for vidare oppfølgjing og konkretisering. Det er ei utfordrande øving å bevega seg frå overordna målsetjingar til lokale tiltak for ei så omfattande oppgåve som dette er, særleg når vi veit at verken kommunen eller andre aktørar i kommunen har styring på mange av dei verktøya som må takast i bruk for å få konkrete resultat.

3) 21.6.2019 signerte Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og regjeringa ein intensjonsavtale om reduksjon av klimagasser og auka opptak av karbon i jordbruket. Partane har forplikta seg til å redusera jordbrukets samla klimagassutslepp med 5 millioner tonn CO²-ekv. frå 2021 til 2030.

4) Som ei oppfølgjing av intensjonsavtalen med regjeringa gjorde representantskapet i Norges Bondelag 15.4.2020 vedtak om gjennomføring av Landbrukets klimaplan, som syner korleis eit samla jordbruk gjennom åtte satsingsområder skal nå målet om å kutta klimagassutslepp og auka opptaket av karbon i jord frå 2021 til 2030. Sentrale element i klimaplanen handlar om

- satsing på klimakalkulator og klimarådgjeving
- meir klimavennleg og bærekraftig føring, avl og friskere husdyr.
- at maskinparken skal bli fossilfri
- overgang til fossilfri oppvarming
- betre bruk av gjødsel og god agronomi
- bruk av husdyrgjødsel til biogassproduksjon
- agronomi som fører til auka lagring og uttak av karbon
- ny klimateknologi som reduserer klimagassutslepp og aukar karbonlagring

5) Både framlegg til energi- og klimaplanp og temanotatet stadfestar og har god grunngjeving for at nedbygging ikkje skal skje på dyrka og dyrkbart areal. Dette må forankrast både i kommunedelplanen og i samfunnsdelen av kommuneplanen.

6) Kimalova legg til grunn at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 40% samanlikna med referanseåret 2009. Det å vare på grøne areal, inkludert dyrka og dyrkbare områder må vera ein klar premiss for å lykkast i arbeidet med klima og berekraft. Den matproduksjonen som landbruket driv med (på oppdrag for samfunnet), er ein biologisk basert produksjon der næringsstoff sirkulerer, inkl. CO².

7) Vi må understreka, slik det også kjem fram i planen, at det å ha god og fornuftig forvaltning av arealressursane skal bidra til eit betre klima og til auke i matproduksjonen, inkludert styrking av beredskapen, også i kommunen. God forvaltning av jordsmønn og eit tilpassa landbruk er ein del av løysinga på dagens klimautfordringar og høyrer naturleg med i planen.

8) Det er viktig at kommunen har god arealrekneskap. Areal som i kommuneplanen er avsett til bustadformål eller andre former for nedbygging, kan i stor grad tilbakeførast til LNF-område utan mulighet for nedbygging.

9) Vi meiner at kommunen bør prioritera arbeidet med å konkretisera arbeidet med fortetting og transformasjon av bygningsmasse og nedbygd areal. Dette handlar ikkje berre om at det i større grad kan byggja tett og i høgda. Det handlar også om å ta i bruk (kommunalt og privat) eksisterande nedbygd og utbygd areal til dei formål det måtte vera bruk for, i staden for å byggja nytt på dyrka eller dyrkbart areal.

10) I planen må det klart gå fram at kommunen skal stimulera til gjennomføring av tiltak som aukar opptaket av CO² i biologisk materiale. Jfr pkt 2.

11) Kommuneplanen må brukast som eit aktivt styringsverktøy for areal- og transportplanlegging i kommunen. Herunder må det presiserast at nye buområde skal utviklast slik at dei verken fører til auka utslepp av klimagassar eller fører til redusert CO² opptak.

12) Landbruksarealet i kommunen kan klart aukast. Det kan gjerne stimulerast til metodar og driftsmåtar som fører til auka CO² lagring. Jfr pkt.2.

13) I samsvar med pkt 2 må klimaplanlegging må bli ei viktig oppgåve i landbruket vidare framover. Her bør også kommunen ha ei klar rolle.

14) Landbruket har mykje bygningsmasse som har potensiale for montering av solcelleanlegg, noko som kan nyttast som alternativ energikjelde, med påfølgjande sannsynleg redusert CO²-avtrykk.

Konklusjon

Med utgangspunkt i internasjonale og nasjonale avtalar og føring ar for klima, jordvern og berekraft kan vi klart slå fast at det er viktigare enn nokon gong å ta vare på, sikra og drifta dyrkbart og dyrka areal. På same måte er det viktig å sikra eit aktivt landbruk der klimatilpassa agronomi blir prioritert, slik at landbruk og god arealforvaltning blir ein del av løysinga på klimautfordringane.

Med helsing
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen